

Høringsoppsumming

1. Type høringsinstans.

Bispedømmeråd

2. Navn på høringsinstans.

Bjergvin bispedømmeråd

3. Bispedømmetilhørighet.

Bjergvin

4. Har du kommentar til kapittel 1: Innledning

Takk for høvet til å svare på høyringa. Bjergvin biskop og bispedømmeråd er positive til at ein ser på trusopplæringa i den norske kyrkja med nye auge og ser det i ein større samanheng med kyrkjeleg undervisning og livslang læring. Vi ønskjer likevel å behalde dagens ordning og praksis med trusopplæring, basert på dokumentet “Gud gir vi deler”, og behalda det godt innarbeidde namnet “Trusopplæring” men med aldersjustering slik at det gjeld for 0-15 år.

Vi ønskjer at omgrepet “Kyrkjeleg Undervisning” vert etablert for undervisning etter konfirmantaldar. Vi synes at namnet skal vera “Trusopplæring og kyrkjeleg undervisning”.

“Gud gir vi deler”, med innleiingskapitla skal framleis vera retningsgjevande for trusopplæring 0-15 år, men det trengs ein god gjennomgang og fornying på bakgrunn av erfaringane vi har hatt til i dag. Til dømes når det gjeld truspraksis, gode konkrete føredøme og løysingsalternativ på dette.

For «Kyrkjeleg undervisning» etter konfirmantaldar, kan det lagast ein ny plan. Inndelinga i dette høyringsdokumentet kan danna grunnlag for ein slik ny plan for kyrkjeleg undervisning for unge og vaksne.

I ei slik innleiing vil det være nyttig med nokre presiseringar av målgruppa og då kan tema som døypte - udøypte, heilagging – misjon, bevare i trua – gjere kjent for alle, vere nyttige å reflektera rundt.

5. Har du kommentar til kapittel 2: Teologisk grunnlag for kirkelig undervisning

og læring

Det er gjennom dei siste åra vore gjort mykje bra grunnlagsarbeid når det gjeld teologi i Den norske kyrkja. Det gjeld i bispemøtet og ikkje minst det arbeidet som er knytt til saker som har vore oppe på kyrkjemøtet. Vi meiner at dei teologiske utsegna i “Gud gir vi deler” er godt gjennomarbeid og var omforeint då det var vedteken. Det å etablere eit heilt nytt teologisk omforeint grunnlag for kyrkjeleg undervisning kan vera krevjande og vi stiller spørsmål om det kan ta for mykje ressursar på noko vi har allereie eit godt grunnlag for i kyrkja vår.

Grunnlaget for trusopplæringa og kyrkjeleg undervisning er dåps - og misjonsbefalinga. Så har vi kyrkja sin visjon som ei godt retning på korleis vi tenkjer oss dette skal sjå ut i dag.

Slik kan desse to utfylle kvarandre, men i ein eventuell ny plan for trusopplæring bør det komme tydeleg fram at det er dåps- og misjonsbefalinga som er utgangspunktet.

Formuleringa: «Kirken må finne og fjerne alt som kan hindre mennesker fra å oppsøke dåp», er god. Den nye praksisen vi har fått med «drop in» dåp har gjort at fleire har vorte døypte. Dette er òg eit ansvar når det gjeld opplæring.

I dåpsliturgien og fadderløfta er det mykje godt materiale for samtale og undervisning. Ein kan godt nytte desse formuleringane for å formatere det teologiske grunnlaget. Det at Gud har «gitt deg sin hellige Ånd, født deg på ny og tatt deg inn i sin troende menighet». «Å vise omsorg for, be for, lære selv å be og hjelpe til å bruke Guds ord og delta i nattverden...». Kyrkjelyden og Den norske kyrkja som heilskap tek på seg eit ansvar i dåpen.

Begrepet «Sivdnidit» er eit godt døme på gode formuleringar som kjem til oss frå det samiske språket. Takk for at det er tatt med.

Så har vi nokre døme på formuleringar som vi synest kunne vore litt meir konkrete. Kva meiner ein med:

- «tradisjonelle møteplasser»
- Kirken må finne og fjerne alt som kan hindre mennesker fra å oppsøke dåp»
- Kyrkja også må gi tilbud på «andre arenaer».

6. Har du kommentar til kapittel 3: Å leve og vokse: Innhold i kirkelig

undervisning og læring

Innleiinga er god. Kapitelet tek både på alvor at Bibelen er viktig og dannar grunnlaget for vår tru og trustolkning. Vi synest også at eksempla på ulike måtar ein kan bruke Bibelen på er fine.

Vi skulle gjerne sett meir utdjuping av kristen tru i praksis og fleire døme på kva vi lutheranarar gjer når vi trur. Bjørgvin Bispedømeråd etterlyser at trusopplæringa kan gje fleire døme på ulik truspraksis. Det vil styrke trusopplæringa at ikkje vi formidlar trua berre som kunnskap men også som erfaring for kropp og sjel.

7. Har du kommentar til kapittel 4: Å være og å lære: Pedagogisk

grunnlagstenkning og læringssyn

Vi tenkjer at det kunne stått litt meir om sentrale pedagogiske læringsteoriar i dette kapitelet. Kva for aktuelle pedagogiske strøymingar kan vere relevant for spesielt undervisning for vaksne. Val av metode og læringsmiljø kunne det også godt stå noko om. Kan vi større grad nytta digitaliserte opplegg, eller er det arbeid i grupper som er best? Kva med undervisning knytt til kyrkjerom eller kyrkjekunst?

Så er det her nokre formuleringar vi kommenterer på:

- «Dagens samfunn er livssynsåpent og mangfoldig» Det er ei grunnlovsfesta sanning som vi i kyrkja må halde fram i møte med dei som vil at Noreg skal vere annleis. Vi lever i eit livssynsopent samfunn. Men både landet vårt og menneska som bur her er veldig forskjellige og truopplæringa må gje born, unge og vaksne mot til å vise fram trua vår. Vi vil også peike på at den mest aukande livssynsgruppa er dei som ikkje er medlem i noko livssynssamfunn (ca. 20 %). Korleis ein skal møte denne gruppa er noko som vi må arbeide med.

- «Mange mennesker opplever fysisk eller eksistensiell ensomhet og psykisk uhelse.» Det er sant og eit aukande problem. Kyrkjelydane treng både kunnskap og døme på korleis vi kan møte og avhjelpe dette. Her kan ein med fordel dra inn diakonien si utovervendende tilnærming.

- «Tradisjonell enveiskommunikasjon» og «passive mottakarar» ikkje er heilt dekkjande for dei praksisane som er i dag. Det nasjonale arbeidet med trusopplæring har gitt mykje god frukt på det området, og det er og viktig at dette kjem "Kirkelig undervisning" for unge og vaksne til gode.

- «Mennesker som kommer i kontakt med kirken». Uttrykket «deltakelse» og frivillig innsats er også interessante å ta med i samtalen om det å vere medlem i kyrkja.

8. Har du kommentar til kapittel 5: Likeverdig deltagelse og medvirkning

Her kjem det også nokre omgrep vi kunne tenkje oss vert drøfta meir:

- «Religiøse rettigheter». Dette omgrepet frå FNs menneskerettar var eit viktig argument i arbeidet for å få pengar til trusopplæring frå Stortinget: «Alle har rett til opplæring i si tru». Dette rettsperspektivet i kyrkjeleg kontekst kan vera interessant å sjå meir på.

- «En fritidsarena uten fokus på prestasjon». Er kyrkja ein fritidsarena, eller kan ein heller nytte uttrykket livsarena?

- «Felleskap skal være prega av anerkjennning og likeverd der barn og vaksne kan delta på egne premisser og oppleve tilhørighet». Dette er eit viktig poeng og her ligg det mykje arbeid føre oss.

9. Har du kommentar til kapittel 6: Samisk kirkeliv: likeverdig og livskraftig

Det samiske perspektivet utfordrar til tider kyrkja si tradisjonelle forståing av trua, med andre vinklingar og annan praksis. Vi tenkjer det er mykje å hente her, både i tenking og i praksisar.

Kyrkja var på makta si side og aktiv i fornorskingspolitikken. Det er godt at kyrkja no kan bruka si makt til å styrkje den samisk identitet og integrere det samiske perspektivet i heilskapen.

Vi vil her peike på at å arbeide med samiske perspektiv, også kan hjelpe oss i møte med andre minoritetsgrupper, både språklege grupper og folkegrupper. Arbeidet i kyrkja vår med likeverd, mangfald og inkludering er særskilt viktig.

10. Har du kommentar til kapittel 7: Samarbeid om kirkelig undervisning og

Læring

For å få til meir, treng vi å samarbeide med alle gode krefter. Vi treng dei kristne organisasjonane, utdanningsinstitusjonane og dei kristne forlaga for å kunne få til ei brei satsing på kyrkjeleg undervisning. Vi er glade for at det systematiske arbeidet kyrkja har hatt med trusopplæringa har gjort at mange organisasjonar har følgd opp med opplegg og tilnærmingar som er til stor hjelp for kyrkja.

Samarbeidet med fadrar og familiar er grunnleggjande. Korleis kan vi finna gode døme på gode praksisar? Særleg gjeld dette korleis ein kan hjelpe fadrane i sitt oppdrag. Veit vi kven dei er, og korleis kan vi koma i kontakt med dei?

11. Har du kommentar til kapittel 8: Lokalt planarbeid

«Gud gir vi deler» vart laga på bakgrunn av ein stor og grunnleggjande prosess i kyrkja, både fagleg og demokratisk, og har vore underlagt kontinuerleg forskingsbasert evaluering som igjen har leia til den praksisen vi har i dag. Kyrkja valde å følgje opp premissane frå Stortinget om lokal forankring med å leggje godkjenning av dei lokale planane til bispedøma ved biskopen.

Dette har naturleg nok gitt litt ulik profil frå bispedøme til bispedøme, men i Bjørgvin, som vi svarer for, trur vi ikkje det er klokt å endre denne tenkinga no.

Vi opplever at arbeidet med trusopplæringa er i godt gjenge i bispedømet. Dei siste som fekk godkjende planar, var i sitt første driftsår i 2017 og dei er framleis i startfasen med sitt arbeid. Det er også fleire som har fått reviderte sine planar og har i mykje større grad fått planar som står i forhold til dei ressursane dei har og kva den lokale kyrkjelyden treng. I alle årsrapportane frå bispedømet til kyrkjerådet, har ein peika på utfordringar og kome med refleksjonar på bakgrunn av sokna sine egne rapportar. Vi opplever at det er eit godt kontinuerleg læringsarbeid som skjer i sokna og i bispedømet.

I kapitlet står det at: «Det er nødvendig at menigheten ser på sine aktiviteter knyttet til kirkelig undervisning og læring på nytt.» Kyrkjelydane arbeidar heile tida med å oppfylle intensjonane i trusopplæringsreforma og held fram med det gode arbeidet dei gjer, og «nye» planar vil kunne forstyrre og motvirke den læringa og utviklinga som no skjer i kyrkjelydar og bispedøme innanfor dei planane og reformdokumenta som allereie eksisterer.

«Gud gir – vi deler» er framleis eit svært godt dokument.

Det er avgjerande at ein tek vare på dokumentasjonen i planverktøyet for trusopplæringa. Her ligg mykje av trusopplæringsreforma si samla læring og utvikling i eit svært egna og funksjonelt verktøy. «Kyrkja vår» er eit godt verktøy til å fylle ut på dei andre fagområda og få ei samla oversikt over arbeidet i kyrkjelyden.

12. Har du andre kommentarer til planen

Takk for høvet til å svare på høyringa. Bjørgvin bispedømeråd foreslår primært at ein i staden for å laga ein heilt ny plan, lagar eit kortfatta tilleggsdokument til «Gud gir-vi deler», med oppdatert informasjon.

Vi synes at namnet skal vera “Trusopplæring og kyrkjeleg undervisning”.

Vi foreslår følgjande inndeling av den reviderte “Gud gir-vi deler”-planen:

1: Trusopplæring 0-14 år

2: Konfirmanttida 14-15år

3: Kyrkjeleg undervisning over 15 år

13. Av hensyn til forenkling vurderes det om Kirkerådet kan vedta de seks ulike rammeplanene under overordnet del. Hva mener du om dette?

- Kirkerådet kan vedta rammeplanene

- Rammeplanene bør vedtas av Kirkemøtet

Rammeplanene bør vedtas av Kirkemøtet

14. Har du utdypende kommentar til spørsmål 13

Det kan vera naudsynt med eit kyrkjemøtevedtak om å justera og endra alder for trusopplæringa til 0-15 år, og samstundes omgrepet «kyrkjeleg undervisning» for dei over 15 år, men det er ikkje sikkert ein treng ikkje ei stor grunnleggjande debatt og vedtak om sjølv innhaldet. Kan ikkje det heller inkorporerast inn i det generelle visjon, plan og strategiarbeidet som gjerast på kyrkjemøtet? For å sikre ein god prosess og med tanke på alt arbeid med kyrkjeleg organisering, så tenkjer vi at sak på kyrkjemøtet kan godt venta til 2025.

Vi tenkjer det er viktig å framleis ha fokus på sokna sine behov. Bjørgvin bispedømeråd har stor tiltru til det arbeidet som skjer i den lokale kyrkja i dag. For å sikre ein kontinuitet i dette gode arbeidet, tenkjer vi det er best å oppretthalde den praksisen som er i dag, at biskopen godkjenner planar, som igjen vert reviderte ut frå dei praksisar ein får til i sokna. Sokna veit best kor skoen trykkjer. Ein slik ordning må ikkje føre til at det vert for rigid, slik det var i starten på trusopplæringsreforma. Den praksistilnærminga som no har etablert seg, ønskjer vi skal vera med vidare, også når det kjem arbeidet med "Kirkelig undervisning" for unge og vaksne.